

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Haukeland universitetssjukehus, møterom "Finstuen" i Bikuben, Bergen

MØTETIDSPUNKT: 05.09. 2019, Kl. 0830 - 1700

.....

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Katrine Trovik	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Bård Humberset, leiar for internrevisjonen
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det fellesmøte med styret i Helse Bergen HF, med følgjande agenda:

Styreleiar i Helse Bergen innleiar

Dei store linjene i TSB

Fagleg integrasjon rus psykiatri

Utfordringsbilete psykisk helsevern

Psykisk helsevern for barn og unge

Tenester på tvers

Sak 076/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Det var ingen forfall til styremøtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt til møtet:

- Tidsplan for styremøtet

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at Styresak 095/19 Etablering av tilsettingsutval - Tilsetting av ny administrerande direktør i Helse Vest RHF, ville bli behandla under eventuelt på slutten av møtet. Saka blei delt ut i møtet.

Saker til eventuelt:

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

Etablering av tilsettingsutval - Tilsetting av ny administrerande direktør i Helse Vest RHF

Innspel til agenda for styreseminar 1. oktober 2019

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 077/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 18.06.2019

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 18. juni 2019.

Sak 078/19 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Styret ønskja tilbakemelding på handtering av KOFA sakene i Helse Stavanger.

Styret merka seg også dei 2 tilsyna ved Helse Vest RHF. Tilsyna vil bli svart ut innan frist.

Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat..

3. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Nasjonal rapport – ForBetring 2019

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Rapport – kunnskapsgrunnlag bruk av helsepersonellvikarar

Det blei vist til krav i føretaksprotokoll gitt til dei fire regionale helseføretaka for 2019:

«Føretaksmøtet la vekt på at det må sikrast at bruken av vikarar ikkje er i strid med reglane i arbeidsmiljølova. Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å stille saman kunnskapen om bruk av helsepersonellvikarar og levere ein rapport innan utgangen av august 2019», (frå føretaksprotokollen Helse Vest RHF).

Rapporten er behandla av dei fire RHF direktørane og blir sendt over til Helse- og omsorgsdepartementet.

Rapporten er ein samanstilling av utviklinga for kvar av regionane frå 2013 og fram til og med 2018. Det er ulik bruk av helsepersonellvikarar i dei fire regionale helseføretaka. Det blir jobba godt på dette feltet i Helse Vest og vi ligg lågt på innleige av helsepersonellvikarar, men på enkelte sjukehus i Helse Førde og i Odda er det krevjande å rekruttere helsepersonell.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 079/19 Rapportering frå verksemda per juli 2019

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Juli 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpasienter	0%	0%	1,1% [•]	1,9% [•]	2,9% [!]	0,2% [•]	0,1% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	90 % [•]	88 % [•]	87 % [•]	91 % [•]	94 % [•]
Epikristid PH	100 %	100 %	90 % [•]	81 % [•]	96 % [•]	95 % [•]	94 % [•]
Sykefråvær	5,5%	5,5%	6,5% [•]	7 % [•]	6,8% [•]	6,6% [•]	5,2% [✓]

Status Juli 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	4,4% [!]	4,3% [!]	5,4% [!]	5,1% [!]	1,7% [•]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	56	52 [✓]	57 [•]	51 [✓]	47 [✓]	53 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	40	35	34 [✓]	37 [•]	36 [•]	28 [✓]	40 [•]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	40	40	38 [✓]	40 [✓]	41 [•]	38 [✓]	31 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	35	30	34 [•]	26 [✓]	36 [!]	35 [•]	21 [✓]

NBI Gj.snitt ventetid behandla TSB data er fra juni måned. Kilde: NPR

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget. Innføring av TenesteForløpsGrupper (TFG) og endringer i grupper-effektene innan ISF gjer det vanskeleg å samanlikne DRG-poeng i 2019 mot 2018. Prosentvis endring av DRG-poeng er derfor ikkje rapportert per juli. Måletala for gjennomsnittleg ventetid TSB inkluderer tal frå dei private ideelle. NB! Tala for gjennomsnittleg ventetid TSB viser tal for juni.

Dei helsefaglege indikatorane viser at delen fristbrot for dei som starta behandling i juli steig frå nivået i mai. Dei gjennomsnittlege ventetidene hadde ei positiv utvikling og var på 51 dagar i gjennomsnitt for alle fagområde. Prosentdelen korridorpatientar innan somatikken gjekk ned frå 1,6% i mai til 1,1% i juli.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Juni			Juli			Hittil pr. Juli		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	3 074	-1 631	4 706	-1 385	2 223	-3 608	1 757	2 806	-1 049
Helse Bergen HF	-8 401	10 000	-18 402	10 364	10 000	364	34 520	70 000	-35 480
Helse Fonna HF	615	3 333	-2 719	-2 281	3 333	-5 615	5 000	23 333	-18 333
Helse Førde HF	5 229	3 000	2 229	-4 155	3 000	-7 155	17 144	20 990	-3 846
Helse Stavanger HF	-8 124	7 500	-15 624	8 328	7 500	828	25 900	52 500	-26 600
Helse Vest RHF	90 894	73 023	17 871	57 733	11 181	46 552	326 842	276 428	50 414
Helse Vest IKT AS	-2 999	3 168	-6 168	-584	3 168	-3 752	8 428	2 701	5 727
Til saman	80 288	98 394	-18 106	68 019	40 405	27 614	419 590	448 758	-29 168

Alle tall i heile tusen

Ventetider

Ventetidsutviklinga syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteområder i juli var på 51 dagar. I oppdragsdokumentet er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021.

Dei nasjonale målsettingane for gjennomsnittleg ventetid innan PHV, BUP og TSB er på høvesvis 45, 40 og 35 dagar i 2019. Helse Vest innfrir dette kravet i juli og det er kun Helse Fonna som har ei ventetidsutvikling som er utanfor den nasjonale målsettinga, og det er innan TSB i juli.

I sommarmånadane går ventetidene ned, også i 2019 som i tidlegare år. Håpet er at helseføretaka har planlagt og organisert verksemda/pasientbehandlinga på ein slik måte at ventetidene ikkje går vesentleg opp i august og september. Dersom me skal ha håp om å levere på målsettinga frå HOD, må ein framover sjå ein klare utvikling mot reduserte ventetider.

Fristbrot

Talet på fristbrot for dei som starta behandling gjekk samla opp frå mai.

Korridorpasientar

Prosentdelen korridorpasientar gjekk ned frå 1,6% i mai til 1,1% i juli. Det er framleis Helse Fonna som har flest korridorpasientar i regionen.

Epikriser

Utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju virkedagar etter utskriving har vore rimeleg flat over fleire år for alle dei fire helseføretaka. Den samla epikrisetida har stort sett variert mellom 85 % og 90 % både innan somatikken og psykisk helsevern.

Sjukefråvær

Per juli 2019 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 6,5 %. Det sjukemeldte fråværet for juli 2019 var på 5,7 %.

Frå juli 2018 til juli 2019 har både det samla sjukefråværet og det sjukemeldte sjukefråværet gått ned med henholdsvis 0,72 % og 0,71 %. Samtidig var det 8 % fleire moglege dagsverk i juli 2019 enn det var i juli 2018. Oppsummert er det og færre sjukefråværsdagsverk i juli 2019 enn i juli 2018.

Per juli 2019 hadde 66,49 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 66,28 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

7 615 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til august 2019 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 5 196 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 419 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,71 %. Måtalet er på 89,30 %.

HMS/kvalitet

Det er meldt totalt 22 407 hendingar per juni 2019. Dette er 3 074 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2018. Per juni 2019 er det registrert totalt 1 330 vald og trusselmeldingar mot tilsette. Dette er 289 færre enn same periode i 2018. Det har vore 109 tilfelle av truslar om drap, mens det var 106 truslar om drap i same periode 2018.

Uønskte hendingar – pasientar med konsekvens, har gått ned med 49 tilfelle samanlikna med same periode 2018, og uønskte hendingar – pasientar utan konsekvens, har gått opp med 983 tilfelle samanlikna med same periode 2018. Det er meldt inn totalt 5 785 forbetningsområde per juni 2019. Dette er 441 fleire tilfelle samanlikna med same periode i 2018.

Totalt meldte hendingar per juni 2019 utgjer 0,80 hending per netto månadsverk.

Økonomi og finans

Det samla resultatet i føretaksgruppa er i juni 2019 kr 80,3 mill., kr 18,1 mill. lågare enn budsjettet. Resultatet for juli er positivt med kr 68 mill., kr 27,6 mill. høgare enn budsjettet.

I forbindelse med implementering av nytt ERP-system, vil det være noko usikkerheit knytta til tala.

Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	7 000	7 000	0
Helse Bergen HF	120 000	120 000	0
Helse Fonna HF	40 000	40 000	0
Helse Førde HF	36 000	36 000	0
Helse Stavanger HF	90 000	90 000	0
Helse Vest RHF	298 000	150 000	148 000
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	592 000	444 000	148 000

Alle tall i heile tusen

Føretaka rapporterer ein prognose som er lik budsjett. Basert på dei store avvika per juli, kan dette vera krevjande. Helse Vest har i sitt budsjett eit resultat på kr 150 mill., samt ein reserve på kr 148 mill. Når ein tar omsyn til dette blir prognosen til Helse Vest RHF kr 298 mill. Samla prognose for føretaksgruppa blir då kr 592 mill. for året.

Tvang i psykisk helsevern

Dei nasjonale tala viser at Helse Vest i 3. tert 2018 hadde 18,9 % tvangsinnleggingar. Tala har gått ned samanlikna med sist tertial, som var 19,8 %. Helse Sør-Øst har høgast del tvangsinnleggingar, Helse Vest nest høgast medan gjennomsnitt for landet totalt er 17,5 %. Når det gjeld tvangsmiddelbruk inne i institusjon viser tala at Helse Vest har høgast del pasientar i døgntil behandling med minst eit tvangsmiddelvedtak med 8,6 prosent i 3. tert. 2018, medan Helse Nord har lågast, med 3,2 prosent. Gjennomsnitt i landet er 6,6 prosent.

Tvangsinnleggingar av totalt tal innleggingar per månad i heile Helse Vest og bruk av tvangsmidlar har auka frå juli 2018 til juli 2019.

Tilbakemeldingane frå helseføretaka til Helse Vest RHF, er at tal domfelte som blir dømte til behandling i psykiatrien er aukande, og kan vera med å forklare auka bruk av tvang. Dette ønskjer me å få opp eksakte data på, og vil koma attende til dette spørsmålet på eit seinare tidspunkt.

Styret var opptekne av tett oppfølging på fristbrot og ventetid på klinikknivå i alle føretak, med krav til tiltak for einingar som ikkje leverer. Dette vil skje i oppfølgingsmøta med HF-a. Avansert oppgaveplanlegging må breddast på alle einingar. Styret slutta seg til vidare oppfølgingsregime.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2019 til etterretning.

Sak 080/19 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. juni 2019

Oppsummering

11. juni 2019 kl. 16.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i R5, Akersgata 59, Oslo.

I møtet ble følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2018, jf. lov om helseføretak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018, jf. lov om helseføretak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseføretak § 44
- Sak 6 Endring i driftskredittramma
- Sak 7 Finansiering av metodevurdering i Statens legemiddelverk
- Sak 8 Avlevering av fysisk arkiv til Norsk helsearkiv
- Sak 9 Samarbeid om innkjøp mellom dei regionale helseføretaka og Forsvaret
- Sak 10 Framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon
- Sak 11 Framtidig rolle for Nasjonal IKT HF

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. juni 2019 til etterretning.

Sak 081/19 Oppdragsdokument 2019 – tilleggsdokument etter Stortingets behandling av Prop 114 S (2018-2019)

Oppsummering

Som følge av Stortinget si behandling av Prop. 114 S (2018 – 2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019*, har Helse- og omsorgsdepartementet sendt ut eit tilleggsdokument til oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF 2019.

Tilleggsdokumentet er datert 21. juni 2019. Aktuelle krav vil bli lagt frem i føretaksmøter med helseføretaka i Helse Vest.

Styret ønskja ein tilbakerapportering frå den etablerte ressursgruppa som arbeidar med å redusere bruk av tvang innan psykisk helsevern i eit seinare styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok saka om tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2019 til etterretning.

Sak 082/19 Ny forskings- og innovasjonsstrategi i Helse Vest 2020 – 2023

Oppsummering

I forskning- og innovasjonsstrategien 2020-2023 er det definert seks mål som skal leggje til rette for forskning og innovasjon av høg kvalitet samt bringe inn ny kunnskap innan spesialisthelsetenesta sitt virkefelt i dei neste åra.

Administrerande direktør tilrår for styret at forskingsstrategien vert vedtatt slik den er vedlagt saka, med måla 1-6.

Mål 1: Forsking og innovasjon i Helse Vest skal vere av høg kvalitet og til nytte for pasienten

Mål 2: Forsking og innovasjon i regionen skal vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktig

Mål 3: Brukarmedverknad i forskning

Mål 4: Samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale forskingsaktørar

Mål 5: Innovasjon: Forsking i kombinasjon med innovasjon som bidreg til ny behandling, nye tenester, kunnskapsarbeidsplassar og nytt næringsliv i regionen

Mål 6: Kopling mellom utdanning, forskning, og innovasjon – kunnskapstriangelet

Styremedlem Olin Johanne Henden peika på at det er behov for forskning for å få opp gode behandlingstilbod for barn med alvorlege handikap. Slik forskning må gjerast nasjonalt eller internasjonalt for å sikre signifikante data.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtok ny forskning- og innovasjonsstrategi for Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, og Høgskulen på Vestlandet for perioden 2020-2023, slik den er vedlagt saka.

Sak 083/19 Rapport frå internrevisjon av internkontroll i føretaka

Oppsummering

Føremålet med revisjonen har vore å vurdere korleis helseføretaka har innretta verksemda for å sikre ei hensiktsmessig oppfølging av "Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten" og styringssignal frå Helse – og omsorgsdepartementet.

Revisjonen har synt at ny forskrift for styring og leiing har ført til endringar i internkontrollen, og at det er fokus på kvalitetsstyring i leiinga hjå føretaka. Samstundes er etterlevinga av kvalitetsstyringa varierende. Dette gjeld særleg innan risikovurdering og avvikshandtering, samt evaluering og deling av informasjon på tvers i og mellom helseføretaka.

Revisjonen tilrår

- «Leiinga sin gjennomgang» bør bli fast praksis i alle føretak, også Helse Vest RHF.
- Resultata frå risikovurderingar bør bli samla hjå føretaka slik at ein får eit totalbilde av risiko innan dei einskilte føretak. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.
- Det bør bli etablert prosessar som syter for at analysar av hendingar og forbetringstiltak kan bli delt på tvers av føretaka i Helse Vest.

Revisjonsutvalet si behandling av rapporten

Revisjonsutvalet behandla saka 18.6.2019. Følgjande er notert i protokollen, som formelt ikkje er godkjend i møte.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Sak 084/19 Kommentaarar til internrevisjonsrapport av internkontroll i føretaka

Oppsummering

Internrevisjonen har gjennomgått korleis helseføretaka har innretta verksemda for å sikre ei hensiktsmessig oppfølging av «Forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjensten». Hovudkonklusjonen er at forskrifta har ført til endringar i internkontrollen, og at det er fokus på kvalitetsstyring i leiinga i føretaka. Samstundes er etterlevinga av kvalitetsstyringa varierende. Oppfølging av funna frå revisjonen blir frå Helse Vest RHF sin side særleg følgd opp via tre aksar: Ny struktur for internkontroll i Helse Vest RHF, planarbeid for vidareføring av satsing på kvalitet og pasienttryggleik, felles rutinar knytt til avvikshandtering, tilsynsmeldingar med vidare.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til administrasjonen sitt forslag til oppfølging av internrevisjonen sin rapport Internkontroll i helseføretaka.

Sak 085/19 Strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideelle institusjonar

Oppsummering

Helse Vest har på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet utarbeidd ein strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideelle institusjonar. Strategien er i tråd med oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet avgrensa til å seie noko om korleis Helse Vest i samband med innkjøpsprossar kan auke private ideelle sin del av private institusjonsplassar.

Status i Helse Vest:

- Innslaget av private utgjør om lag 10 % av den offentleg finansierte spesialisthelsetenesta på Vestlandet målt i kroner
- Kjøp frå private ideelle tenesteleverandørar utgjør ein betydeleg del av Helse Vest RHF sitt totale kjøp frå private aktørar
- Der det er overvekt kommersiell aktivitet er det ingen eller i liten grad kjende ideelle aktørar

Tiltak:

Avklare handlingsrom knytt til regelverket for offentlege innkjøp
 Avklare kva ideelle leverandørar anskaffelsesrettsleg sett er
 Avklare særskilt grunngjeven bruk av kommersielle tilbydarar
 Ha ein oversikt over tal kjøp av institusjonsplassar hjå private ideelle aktørar versus private kommersielle
 Identifisere område der bruk av private institusjonsplassar er aktuelt og gjennomføre nye behovsvurderingar innanfor aktuelle område.
 Utabeide tidsplan for gjennomføring av nye konkurransar på dei områda som er identifisert.
 Sette i gang arbeid med tiltaksområde 2.2.1 Helse 2035 – tettare integrering og betre funksjonsfordeling med private aktørar

Stemmeforklaring til styresak 085/19 (Wenche Kristin Røkenes, Bente Pilskog, Bjørn Egil Vikse, Gunnar Berge)

Representantane er samde om at det blir utgreia moglegheit for å reservere private ideelle tilbydarar til å oppfylle Helse Vest RHF sitt «sørge for-ansvar», dersom vi ikkje har tilbodet sjølv eller har behov for fleire plasser.

Vi meiner at private tilbydarar kan vere eit supplement til det offentlege tilbodet, men at det i hovudsak skal byggjast opp offentlege tilbod i spesialisthelsetenesta.

Vedtak (samrøystes)

Styret gav sin tilslutning til den framlagte strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideelle institusjonar og ba om å bli halden orientert om oppfølging av dei skisserte tiltaka.

Sak 086/19 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2019-2020

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 05/09-2018 sak 86/18 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT 2018. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 155 mill. til totalt kr 1 033 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.

3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.

Helse Vest IKT har allereie nytta kr 963 mill. av den samla låneramma. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 300 mill. i a-konto frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Delar av desse overføringane vil bli tilbakebetalt frå Helse Vest IKT til Helse Vest RHF i september/oktober i samband med forfall på fakturaer til helseføretaka. Det vil likevel vere naudsynt å konvertere store deler av akonto overføringane til langsiktig lån.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 115 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 039/19 B:

1. Styret ba om at administrasjonen, med grunnlag til styresak 083/18 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2019 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om lån på 115 mill. kr.

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 1 148 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følge av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 115 mill. til totalt kr 1 148 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.

Sak 087/19 Forslag til revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak

Oppsummering

Ein revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak blir med dette lagt fram for styret. Gjeldande rettleiar blei utarbeidd i 2011 og har sidan då ikkje blitt revidert/oppdatert. Helse- og omsorgsdepartementet har i mellomtida revidert sin rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak.

Sak 088/19 Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka – oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av styre

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgangen av februar 2020. Det er dei eigaroppnemnde representantane som skal oppnemnast i denne omgang.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i samfunnet vårt. Det er viktig at dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka har kompetanse som kan reflektere oppgåvene i styret og utfordringane helseføretaka har. Det er vidare viktig at det blir gjennomført ein grundig og god prosess fram mot oppnemning av styra.

Formålet med denne saka er å:

- gjere framlegg om at styret oppnemnar eit arbeidsutval for å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i HF-styra
- gjere greie for korleis prosessen fram til val av nye styre skal vere
- klargjere dei føringane og momenta som skal leggjast til grunn ved valet av styremedlemmer

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF oppnemnar følgjande personar til å utgjere arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande helseføretak:
Einar Strømsvåg
Tone Berntsen Steinsvåg
Bjørn Egil Vikse
Sigurd Hille
2. Arbeidsutvalet blir oppnemnd for ein periode på 2 år.

3. Styret slutter seg til at dei føringar og moment som går fram av saka blir lagt til grunn ved samansetting av nye styre i helseføretaka
4. Forslag frå arbeidsutvalet blir lagt fram for behandling i styret i februar 2020.

089/19 Helikopterbase ved SUS2023, forprosjekt

Oppsummering

Styret i Helse Stavanger anbefaler at basebygget for ambulansehelikoptra blir etablert ved det nye sjukehuset på Ullandhaug. Administrerende direktør vil med utgangspunkt i forprosjektrapporten for basebygg SUS2023 tilrå at prosjektet blir godkjend innafor ei samla kostnadsramme på 57 mill. kroner i 2019-kroneverdi.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest godkjenner forprosjektrapporten for basebygg SUS2023 og at prosjektet kan gjennomførast innafor ei kostnadsramma på 57 mill. kroner i 2019 kroneverdi.

Sak 090/19 Tildeling av internt lån til Helse Stavanger – Helikopterbase ved SUS2023

Oppsummering

Helse Stavanger har i brev datert 24. april 2019 søkt Helse Vest om internt lån på 57 mill. kroner i 2019 kroneverdi.

Lånesøknaden har sitt grunnlag i Helse Stavanger HF sitt vedtak i styresak 20/19 Forprosjektrapport basebygg SUS2023.

Styret i Helse Vest har i møte den 5. september 2019 behandla sak 089/19 Helikopterbase ved SUS2023, forprosjekt. Vedtak i denne saka føreset derfor at Styret i Helse Vest gir sin tilslutning til forprosjektet.

Vedtak (samrøystes)

Helse Stavanger blir tildelt eit internt lån på 57 mill. kroner i 2019 kroneverdi til finansiering av nytt basebygg ved SUS2023.

091/19 Konseptrapport vaskehall og sterilisentral – Helse Bergen

Oppsummering

Helse Bergen har vurdert ny og framtidig organisering og lokalisering av vask og sterilisering av medisinsk gjenbruksutstyr.

Dagens desentrale løysing for reingjering og desinfeksjon av utstyr blir føreslått erstatta av ein sentral vaskehall. Samstundes blir det føreslått at dagens sterilsentral blir samlokalisert med vaskehallen. Dette er funksjonar som heng tett saman.

Det er rådd til at eit eldre bygg mellom Sentralblokka og Gamle hovudbygg blir reve og erstatta med eit nytt med plass til både vaskehall og sterilsentral og noko tilleggsareal.

Bygget har ei sentral plassering på sjukehusområdet og kan knytast saman med Sentralblokka.

Kostnadane er rekna til 300 mill. kr inkludert avsetning for usikkerheit.

Det er venta at ei samling av funksjonane vil gi både økonomiske og kvalitetsmessige gevinstar. Dette vil bli nærare greia ut i det vidare arbeidet.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner konseptrapport for etablering av ny sentral vaskehall og sterilsentral på Haukeland universitetssjukehus som grunnlag for prosjektering og vidare utgreiing.

I det vidare arbeidet må Helse Bergen nærare utgreie og gjere greie for:

- driftsmessige konsekvensar og gevinstar av ein sentralisert løysing for reingjering og sterilisering av medisinsk gjenbruksutstyr kor vaskehall og sterilsentral er samlokalisert
- korleis det er lagt til rette for vidare utvikling av heile sterilforsyningskjeda i sjukehuset inkludert lagerhald og sentral pakking

Sak 092/19 Halvårleg rapportering på mål og krav i oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte

Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport på alle krava som er stilte i oppdragsdokument og i føretaksprotokoll av 15. januar 2019 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Rapporten syner at Helse Vest i hovudsak har god framdrift.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok halvårleg rapportering 2019 til orientering.

Sak 093/19 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.04.2019

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 1. april 2019. Følgjande saker blei behandla:

Sak 09/19 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 10/19 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.02.2019

Sak 11/19 O Status på internrevisjon

Sak 12/19 O Prosjektmandat - Ventetider

Sak 13/19 O Årsrekneskap 2018

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 18. juni 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 01.04.2019 til orientering.

Sak 094/19 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå sist møte i Regionalt brukarutval og frå fellessamling på Sola for alle brukarutval i landet 22. – 23. august.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 095/19 Eventuelt

Sak 095/19 Etablering av tilsettingsutval - Tilsetting av ny administrerende direktør i Helse Vest RHF

Oppsummering

Administrerende direktør Herlof Nilssen har gitt styreleiar i Helse Vest RHF melding om at han vil fråtre sin noverande stilling som administrerende direktør i tråd med arbeidsavtale våren 2020.

Styret har etter Lov om helseføretak § 38 ansvar for å tilsetja ny administrerende direktør. For gjennomføre tilsettingsprosessen, føreslår styreleiar at styret utnemnar eit tilsettingsutval som blir leia av styreleiar, to eigaroppnemnde styremedlemmer og eit styremedlem vald av og blant dei tilsette.

For å bidra i tilsettingsprosessen ynskjer styreleiar at tilsettingsutvalet kan inngå avtale om ekstern bistand. Eit slikt oppdrag må tildelast etter ein prosess i tråd med lov om offentleg anskaffing. Det er etablert regionale rammeavtalar for bistand ved tilsetting av administrerande direktør. Styreleiar vil be sekretær for tilsettingsutvalet om å bidra til at dei formelle rutinane for val av samarbeidspartnar blir gjennomført og lagt fram for tilsettingsutvalet.

Styreleiar inviterer styret til dialog om samansetning av tilsettingsutvalet. Styreleiar ber om styret sin tilslutning til at tilsettingsutvalet får fullmakt til å inngå avtale med leverandør for ekstern bistand. Styret må gi tilsettingsutvalet fullmakt til å gjennomføre tilsettingsprosessen fram til det føreligg endelig innstilling frå tilsettingsutvalet.

Tilsettingsutvalet skal leggje fram si innstilling for styret i Helse Vest RHF som tilset ny administrerande direktør.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF utnemnar tilsettingsutval med følgjande medlemmer:

- Styreleiar Einar Strømsvåg
- Eigaroppnemnd styremedlem Tone Berntsen Steinsvåg
- Eigaroppnemnd styremedlem Katrine Trovik
- Representant frå styremedlemmer vald av og blant dei tilsette Wenche Kristn Røkenes

Sekretær for tilsettingsutvalet: Hilde Christiansen

2. Styret gir tilsettingsutvalet fullmakt til å inngå avtale for ekstern bistand.
3. Styret gir tilsettingsutvalet fullmakt til å gjennomføre tilsettingsprosessen fram til det føreligg endeleg innstilling.
4. Tilsettingsutvalet skal leggje fram si innstilling for styret i Helse Vest RHF som tilset ny administrerande direktør.

Sak 095/19 Program for styreseminaret 1. oktober

Styret hadde følgjande innspel til aktuelle tema på styreseminaret 1. oktober:

- Forsking og innovasjon
- Kultur for å dele og lære av kvarandre
- E-resept og legemiddel
- Innlegg frå departement/politisk leiing – forventningar til helseføretaka framover
- Budsjett og rekneskap – økonomimodellen – budsjettprosessane «Budsjett for dummies»
- Digitalisering
- Bærekraft

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Brev frå Hordaland fylkeskommune, 210619 Fråsegn om støtte til streikande i sjukehusa

Skriv 02 – Brev frå Fylkeseldrerådet, 100719
Transport av eldre pasientar nattestid

Skriv 03 – Brev frå Helsetilsynet, 130619 – Informasjon om endringar i varselordninga om dødsfall og alvorleg skadde i helsetenesta

Skriv 04 – Brev frå Fylkesmannen i Rogaland, 170619 Karmsund ABR-senter – tilbaketrekking av godkjenning

Skriv 05 – Brev frå Helse Vest RHF til HOD, 220819 Rapportering frå verksemda pr. juli 2019

Skriv 06 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval, 110619

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 05.09.2019 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Katrine Trovik	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem